

---

Vår referanse 2021/5815-9  
Dato 04.03.2021

---

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

## Ber om vedtak av skiltplan - fv. 570 - Dagsturhytta - Nordkvingo - Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune ber med dette om at det vert gjort vedtak av vedlagde skiltplan.

### Innstilling

Vestland fylkeskommune finn at det er grunnlag for å setje opp skilt som vist i vedlagt skiltplan, datert 27/1 2021. Me sender difor saka til Statens vegvesen for vedtak av følgjande:

- 2 stk. vegvisningsskilt nr. 713 «Vanleg vegvisar» med vegvisningssymbol nr. 767 «Parkering»

Løyve vert innstilt med følgjande vilkår:

1. Det er ikkje tillate med anna form for skilting (reklame- /vegvisarskilt) til verksemda dykkar. De må ikkje setje opp reklame som er i strid med § 33 i veglova «reklameparagrafen». Dersom det er ynskje om ein annan form for skilting, må det søkjast særskilt om dette.
2. Løyve til bruk av nemnde skilt er mellombels, og gitt på vanlege vilkår av at skilta skal flyttast eller fjernast dersom Vestland fylkeskommune seinare finn dette nødvendig. Fylkeskommunen kan ta søknaden opp til ny vurdering, dersom vilkåra for bruk av nemnde vegvisarskilt ikkje lenger er til stades.
3. De er kjent med føresegnene om reklameskilt i veglov av 21. juni 1963, § 33, og er innforstått med at fylkeskommunen på fritt grunnlag vil inndra løyve til bruk av vegvisningsskilt dersom føresegnene ikkje vert fylgd.
4. De forpliktar dykk til å fjerne eller dekke til skilta den tida av året staden ikkje er i drift. Det kan nyttast ein spesiell oransje tape som ikkje skadar skiltfolien. Den er å få kjøpt av skiltleverandørane.
5. Vestland fylkeskommune har eigendomsretten til skilta.
6. De forpliktar dykk til å gje fylkeskommunen skriftleg melding om eventuell avvikling eller bruksendring av verksemda.
7. Masfjorden kommune må ta ned kommunale vegvisningsskilt på fylkeskommunal veg og setje skilta oppatt på/ved kommunal veg som vist i vedlagt skiltplan av 27/1 2021 før vegvisningsskilt til parkeringsplass vert satt opp.

Me ber Statens vegvesen fatta vedtak av skilt med tilhøyrande vilkår i saka og sender den på kopi til oss.

**Vurdering**

Masfjorden kommune har bygd dagsturhytte på Grøttneset, og det er ikkje eksisterande skilting ein kan fylgje for å finna fram til parkering for turen til hytta. Vi finn det vil vera i tråd med handbøker i N 300 - serien og setje opp vegvisningsskilt nr. 713 «Vanleg vegvisar» med tekst «Dagsturhytta» og vegvisningssymbol nr. 767 «Parkering» for at besøkjande skal finna fram. Vi finn det også naturleg at unormerte skiltkombinasjonar vert korrigerer slik at skiltinga vert i tråd med retningsliner og normalar.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t, men vi legg til grunn at fartsnivået truleg ikkje er høgare enn 60 km/t grunna vegens utforming og geometri, teksthøgda er difor sett til 140 mm.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland  
for  
Hege Løtveit  
leiar

Geir Sverre Andreassen  
overingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Skiltplan - fv. 570 - innfartsparkering dagsturhytta - Fjordblikk - Nordkvingo

Kopi til:

Tor Steinar Høyland

Sigmund Matias Bødal

MASFJORDEN                    Austfjordvegen 2724  
KOMMUNE